

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### II. INNSKRIFTER MED BERRE PERSONNAMN

[**806**] N-26118. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 44; 1988b: 22; 1990b: [37].)

Innskriфта står på eit trestykke, forma som ein pilodd med skaft og blad der vidaste tverrsnitt er 12 x 5 mm. Samla lengd er 77 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 7/8 som arkeologisk er datert til perioden mellom ca. 1175 og 1275. Det er runer på den eine sida av pilbladet, og innskriфта dekkjer storparten av den flata, dvs. at ho er 26 mm lang og runene frå 4 til 12 mm høge. Både r. 3 og r. 7 har eit svakt synleg punkt litt oppe på staven og er med eit visst atterhald oppfatta som **e** i båe tilfelle. R. 2 og r. 6 (**r**) har ei form som vi elles finn i to andre innskrifter frå Trondheim (jf. N814 og 847). Dei har opne bogar med avrunda ikkje tydeleg overgang mellom boge og kvist. R. 8 har punkt i nedre enden. Alt i alt er det såleis ingen problem med lese måten på noko punkt av innskriфта:

Ʒ R Ʒ Ʒ R Ʒ

**k r e k o r e s**

*Gregores* Gregorius

Innskriфта synest altså å gi mannsnamnet *Gregores*, ei form av *Gregorius*. Kva gjenstanden med innskriфта har tent til, synest nokså uvisst. Korkje forma på innskriфта eller på gjenstanden talar avgjort for at det er ein merkelapp, jamvel om det vel ikkje heilt kan avvisast. Like sannsynleg kan det vera tale om ein amulett eller kanskje også ei leike. Med den tvilen som synest å vera til stades, er innskriфта er ikkje rekna med i det relativt store tilfanget av merkelappar vi har frå denne utgravinga.

Eldste kjende person med dette namnet i Noreg skal etter Lind (1905-15: 352f) vera den namngjetne lendmannen Gregorius Dagsson, som døydde i 1161. Namnet hans er belagt i forma *Gregores*, t. d. i *Fagrskinna* (Finnur Jónsson (ed.) 1902-03: 356<sup>7</sup>, jf. òg NIyR V: 227). Seinare, i første del av 1200-talet, får vi nokre fleire belegg. På Island finst det først belegg frå slutten av 1200-talet (Lind, loc. cit.). Eit poeng i nett denne samanhengen kan vera at namnet *Gregorius* skal ha hatt tradisjon i Nidaros sidan Harald Hardrådes dagar. I *Heimskringla* - Soga om Harald Sigurdsson, kap. 38 - heiter det at Harald let ei kyrkje vigjast til Gregoriuskyrkje. Dette synest å vera informasjon som er godteken av historikarane (jf. Christophersen 1992: 41 m/tilvisingar). Forma *Gregores* vart etterkvart i

alle fall vanleg gjennom messedagsnamnet *Gregores messudagr* 12. mars (jf. DN I: 7 frå 1224).

Det er nytta upunkttert **k** ved sida av punkttert **i**. Saman med den arkeologiske dateringa, kan det gi rimeleg grunn til å rekna med at dette er ei innskrift frå tida kring 1200.